

# NOR⇌C

ÅRSRAPPORT  
2019



NORSK SENTER FOR UTVEKSLINGSSAMARBEID





## INNHALDSLISSTE

- 1 Leiarens fråsegn
- 2 Introduksjon til verksemd og hovudtal
- 3 Aktivitetar og resultat i 2019
- 4 Styring og kontroll i verksemda
- 5 Vurdering av framtidsutsikter
- 6 Årsrekneskap

Norec  
 Firdavegen 2  
 PB 461  
 6803 Førde  
 www.norec.no



@NorecNo #NorecNo

Tlf: 57 99 00 00  
 E-post: norec@norec.no



# 1 LEIARENS FRÅSEGN

Året 2019 er Norecs første år i Førde. Det er vårt første år med ny instruks frå regjeringa og det er vårt første år som Norsk senter for utvekslingssamarbeid. Og for eit år det har vore! Vi har halde fram med rekruttering av nye tilsette og gjekk ut av året med alle stillingar fylt.

Januar var knapt over før Dag-Inge Ulstein tok over etter Nikolai Astrup som statsråd med ansvar for bistandsporteføljen. Norec, som er ein etat i Utanriksdepartementet, får våre midlar i statsbudsjettet frå kapitla om bistand, og må følge dei politiske føringane statsråden bringer med seg.

Midtvegs i 2019 ferdigstilte Norec sin nye strategi som skal ta verksemda fram til 2022, samstundes som den sikter fram til 2030, året for oppfyljinga av FN's berekraftsmål. Strategien til Norec legg vekt på tre hovudområde: 1) Stimulere nye og fleire verksemder til bruk av utveksling av personell i internasjonalt samarbeid. 2) Etablere Norec som eit kompetansesenter for internasjonal utveksling. 3) Vere ein pådrivar innan moderne arbeidsmetodar.

Norecs partnerar innan internasjonal utveksling inkluderer frivillige organisasjonar, næringsliv og offentlege verksemder. 2019 bar preg av ei offensiv satsing for å gjere utveksling igjennom Norec kjent blant andre offentlege institusjonar. Samarbeidet med Kunnskapsbanken i Norad vart etablert og vi arrangerte vår første Noreckonferanse med offentlege institusjonar som målgruppe.

Alle dei 615 personane som var på utveksling i 2019 hadde til felles at dei vart rekruttert av verksemder som hadde eit internasjonalt samarbeid. Deretter vart deltakarane kursa gjennom Norec før dei reiste på utveksling og før dei kom tilbake. På vegen dette året har dei gitt frå seg kunnskap, tatt i mot læring og utveksla erfaring for å styrke sine organisasjonar.

På den måten fyller dei Norecs visjon om at: «Verda er full av kunnskap og ferdigheiter. Gjennom gjensidig utveksling lærer vi kvarandre å tenke større, leve berekraftig og bygge ansvarlege lokal samfunn».

Førde, 1. mars 2020

Jan Olav Baarøy  
Direktør





## 2 INTRODUKSJON TIL VERKSEMD OG HOVUDTAL

### Norec og samfunnsoppdraget vårt

Samfunnsoppdraget til Norec er å medverke til å gjennomføre dei overordna måla for Norges samarbeid med utvekslingslanda. Mandatet er fastsett av Stortinget, og stadfestar at Norec skal:

- Gjennomføre utvekslingsprogram mellom Norge og samarbeidsland, og mellom ulike samarbeidsland. Programma skal bygge på gjensidige partnerskap.
- Vere eit kompetansesenter for utvekslingsverksemd, og aktivt støtte opp om prosjekt-partnarar og utvekslingsdeltakarar med kursverksemd, rettleiing og oppfølging. Norec skal dermed legge til rette for erfaringsutveksling og læring, og bidra til nettverksbygging og utvikling av ungt leiarskap.
- Gjennom si utvekslingsverksemd bidra til Norges samla innsats for fagleg samarbeid. På grunnlag av utviklings- og resultatmål som utarbeidast for prosjektpartnerane i fellesskap, skal Norec skape resultat ved tilbakeføring av kunnskap til eige samfunn, styrking av institusjonar, forvaltningsorgan, næringsliv og sivilt samfunn, og engasjement for utvikling.
- Strukturere sine utvekslingsprogram slik at utvekslingsdeltakarane bidrar til fagleg utvikling både under utveksling og etter at dei kjem heim igjen til eige samfunn.
- Gjennom utvekslingsverksemda og det faglege samarbeidet bidra til gjennomføring av berekraftsmåla, irekna globale partnerskap, og legg særleg vekt på å fremme menneskerettar, kvinners rettar og likestilling, klima- og miljøomsyn og kampen mot korrupsjon.



### GJENSIDIGHEIT - VÅR KJERNEVERDI

Gjensidigheit er ein overordna verdi og ei rettesnor for Norec. At eit partnerskap er gjensidig betyr at alle både bidreg og får noko ut av det.

Alle partar er likeverdige i eit gjensidig partnerskap. Dei skal samarbeide om å utforme prosjekt, mål, rekruttering, følge opp deltakarar, samt ha openheit om ressursbruk og budsjett. Dei set seg individuelle mål i fellesskap, og samarbeider for å nå kvarandre sine målsettingar.

Gjensidigheit i eit partnerskap vert utvikla over tid. Ein må bygge tillit, som igjen fører til deling av ansvar, eigarskap til kvarandre sine resultat og ei felles forståing av utfordringar.




## STRUKTUR

Norec har kontor i Førde og er organisert med direktør, to avdelingsdirektører og fem seksjonar, leia av kvar sin seksjonsleiar. Ved utgangen av 2019 var det 39 tilsette. To av desse er trainee gjennom Framtidsfylket sitt program. Det vart i 2019 utført 36,76 årsverk.

Leiinga i 2019 bestod av direktør, Jan Olav Baarøy, avdelingsdirektør for program, Marit Bakken, og avdelingsdirektør for verksemdstyring Morten Rørvik. Verksemdstyring inneheld funksjonane kontor-administrasjon, arkiv, analyse, HR, IKT og økonomi. Fagspesialistane innan verksemdstyring har rapportert direkte til avdelingsdirektør i 2019.

## ORGANISERING AV NOREC



## TABELL 2 RESULTATKJEDE

Innsatsfaktorar	Aktivitetar	Produkt/tenester	Brukareffektar	Samfunneffektar
36,76 årsverk Kr 198 298 000 i samla tildeling	Legge til rette for internasjonal utveksling basert på gjensidighet	Uttevksling av 615 unge menneske mellom 228 partnarar i totalt 80 samarbeidsprosjekt	Dei som vert utveksla, utviklar nye ferdigheiter, erfaringar og haldningar. Institusjonar forbetrar sine leveransar og styrker sine internasjonale nettverk	Uttevkslingsdeltakarar og partnarorganisasjonar bidreg i utviklinga av eige lokalmiljø og styrkinga av siviltt samfunn

## TABELL 3 UTVALDE NØKKELTAL

ÅRSTAL	2017	2018	2019
Tal deltakarar som reiste ut	620	580	615
<b>KJØNNFORDELING</b>			
Menn	40 %	39 %	35 %
Kvinner	60 %	61 %	65 %
<b>PARTNARAR FORDELT PÅ SEKTOR</b>			
Privat sektor	9 %	13 %	11 %
Sivilt samfunn	77 %	73 %	75 %
Offentleg/halvoffentleg sektor	14 %	15 %	14 %
<b>GEOGRAFISK FORDELING AV PARTNARAR I SØR</b>			
Aust-Afrika	55 %	-	-
Sørlege Afrika	8 %	-	-
Afrika (sør for Sahara)	-	62 %	54 %
Asia	28 %	30 %	38 %
Latin-Amerika	9 %	8 %	8 %

## TABELL 4 UTVALDE NØKKELTAL FRÅ ÅRSREKNESKAPEN

NØKKELTAL FOR REKNESKAPEN 2017 - 2019	2017	2018	2019
Tal årsverk	34,24	37,33	36,76
Del løn av driftsutgifter	62,61 %	64,9 %	67,4 %
Utgifter til løn per årsverk	862 329	968 057	1 014 363
Samla tildeling kap 144.01 Driftsutgifter	48 421´	59 213´	56 745´
Utnyttelsesgrad kap 144.01 Driftsutgifter	93,34 %	93,97 %	97,44 %
Samla tildeling kap 160.77 Uttevkslingsordningar <sup>4</sup>	143 502´	142 000´	142 000´
Utnyttelsesgrad kap 160.77 Uttevkslingsordningar	88,7 %	71,2 %	95,09 %



# 3 AKTIVITETAR OG RESULTAT 2019

Kjerneverksemda til Norec er å legge til rette for utvekslingsprogram og forvalte tilskot til utveksling av personar mellom Norge og samarbeidsland i sør og mellom ulike land i sør. Verksemda er bygd på gjensidigheit og partnerskap, og støttar eit mangfald av organisasjonar, institusjonar og verksemdar i Norge og 24 samarbeidsland.

Felles for alle prosjekt som mottar støtte er:

- fokus på fagleg utvikling og læring
- engasjement for utvikling
- unge menneske
- gjensidig samarbeid mellom partane i gjennomføring av prosjekta

Prosjekta vert følgt opp med kursverksemd, prosjektbesøk og nettverksbygging, og Norec bidreg med rettleiing og rådgiving til involverte organisasjonar.

Her vil vi presentere nøkkeltal og resultat på dei overordna målsettingane for Norec i 2019. Fokuset dette året har vore å styrke eksisterande portefølje og legge til rette for nye utvekslingsprosjekt, spesielt innanfor næringslivet.

TABELL 5 UTVALDE NØKKELTAL UTVEKSLINGSORDNINGAR

NØKKELTAL PÅ UTVEKSLINGSORDNINGAR	2017	2018	2019
Tal deltakarar	620	580	615
Tal samarbeidsland	24	24	24
Tal samarbeidsorganisasjonar	200	226	228
Tal avtalar/prosjekt	67	76	80





## MÅLOMRÅDE 1 – STIMULERE TIL BRUK AV UTVEKSLING

Etter det store flytteåret 2018, har prosjektporteføljen gradvis vokse gjennom 2019. Det har vore fokus på å gjere Norec kjent på Vestlandet, og styrke den interne kompetansen på utveksling som metode i internasjonale partnerskap. Norec skal vidare identifisere aktørar som kan ha nytte av utveksling i sine internasjonale partnerskap, og legge til rette for erfaringsutveksling og læring i partnerskapa som tek i mot tilskot.

### PRIORITERTE OMRÅDE

Norec legg til rette for partnerskap og samarbeid mellom organisasjonar, institusjonar og bedrifter. Utvekslingane har i 2019 framleis vore konsentrert innanfor dei prioriterte tematiske områda utdanning, helse, næringsliv og sivil samfunn. Vi har fokusert på å styrke porteføljen med fleire partnerar frå Vestlandet, samtidig som vi vektlegg at organisasjonen framleis skal ha partnerar spreidd over heile Norge. Tematisk har Norec i 2019 prioritert å kontakte næringslivsaktørar, aktører innan klima og miljø og offentlege verksemder. Sistnemnde fekk ekstra fokus gjennom rapporten 'A study of Government institutions – exchange of staff' levert av KPMG. Tverrgående tema som menneskerettar, likestilling, miljø og antikorrupsjon har vore gjennomgåande for alle prosjekt.



### FAGLEG UTVIKLING

#### Nye typar utvekslingssamarbeid

Strategi 2022 legg opp til nytenking og læring, og søker ei fleksibel og tilpassingsdyktig sakshandsaming som legg til rette for utveksling i ei variert portefølje. Vi starta dette forarbeidet i 2019 og fleire nye samarbeid er under utvikling. Med læring som hovudområde, er det heilt nødvendig å prøve ut nye samarbeidsmåtar innan utveksling og gjensidige partnerskap for å styrke Norecs programverksemd yttarlegare. Norec samarbeider med Kunnskapsbanken i Norad som ein del av dette arbeidet.

#### Læring i partnerskapane

I 2019 har vi fokusert på læring, og vi har difor prioritert å styrke engasjement for nettopp læring i partnerskapane. Norec har arrangert samlingar for alle partnerskap som tek i mot støtte. Desse samlingane har vore viktige for å styrke kompetansen hos partnerane, for å bidra til nettverksbygging på tvers, og for å styrke relasjonane mellom Norec og partnerane. I eit år med mange nyttilsette har det vore spesielt viktig å legge til rette for vidare utvekslingsfagleg utvikling i partnerskapane.



### Kunnskap tilbakeført til eige samfunn

Perioden når utvekslingsdeltakarane kjem heim etter utveksling er, ifølge spørjeundersøkingar gjort av Norec, den viktigaste tida for organisasjonslæring. Norec har i 2019 hatt eit internt fokus på nettopp denne perioden, og vi vil ta med oss læring frå dette arbeidet inn i vidareutviklinga av utvekslingsmodellen.

### KURS

Ei vellukka utveksling fordrar god førebuing. Norec tilbyr førebuande kurs for alle deltakarar, og følger dei opp før, under og etter utvekslinga.

Det overordna målet for kursa våre er å styrke partnerskapa, og saman jobbe for å finne felles løysingar på FN's berekraftsmål. Kursa vektlegg både resultat og læring og skal sikre at deltakarar og partnerar får mest mogleg ut av prosjekta, både på einskild- og organisasjonsnivå.

I 2019 hadde Norec kurs for 999 personar fordelt på 23 kurs gjennom året. 415 av desse var for våre frivillige deltakarar som er på utveksling mellom tre og ti månadar. Vidare sendte vi 410 av våre profesjonelle deltakarar på enten førebuing- eller heimkomstkurs. Grunna stor aktivitet i program-avdelinga heldt vi heile sju introseminar for nye partnerar gjennom året, med tilsaman 128 personar. 46 nye partnarkontaktar fekk opplæring, fordelt på to kurs.

Kursa for frivillige, profesjonelle og partnarkontaktar vart halde i Hurdal, Bangkok, Kampala og Johannesburg. Introduksjonsseminara har vore noko meir spredt og vart arrangert i Kathmandu, Førde, Kampala, Nairobi og Dhaka.

Kursavdelinga har gjennom året jobba med å vidareutvikle metodar, prøve ut nye idear, samt revidere læringsmåla opp mot ny strategi.

### NYE SAMARBEID

Norec har halde fram med utstrekt nettverks- og møteverksemd med aktørar innan alle sektorar på Vestlandet. Ghana og Indonesia, to av Norges partnerland for langsiktig samarbeid, er nye for Norec. Her har det blitt etablert kontakt med ambassadane og andre relevante aktørar.

Det har vore stor pågang av forundersøkingar innan alle sektorar, og totalt 27 søknader om forundersøking har blitt innvilga. Norec har innvilga 17 heilt nye samarbeidsavtalar om utveksling.





## MÅLOMRÅDE 2: KOMPETANSESENTERER

Instruksen til Norec frå januar 2019 inneheld fleire nye punkt samanlikna med tidlegare instruksar. Eit av dei er om kompetansesenteret Norec – som skal aktivt støtte opp prosjektpartnarar med kursverksemd og rettleiing. Kunnskapen til kompetansesenteret skal vi hente frå eigne og andres studier og rapportar. I Norecs strategi fram til 2022 skal vi konsolidere kompetansesenteret både ved aktiv publisering av det vi veit, men også søke etter ny kunnskap og lærdom som skal kommuniserast til etablerte og nye partnarar av Norec.

I 2019 gav Norec ut sine tre første rapportar:

### ■ [Study of Government Institutions: Exchange of Staff](#)

Forfattar: Elisabeth Fossli Olsen, KPMG International Development Advisory Services

Denne studien ser på læring i offentlege institusjonar som deltek i Norec-prosjekt, med eit særleg fokus på samspelet mellom individ- og organisasjonslæring. Rapporten kjem med ei rekke mindre endringsforslag til korleis Norec bør arbeide med institusjonsprosjekt.

### ■ [South-South and Triangular Cooperation in Action: Norwegian Agency for Exchange Cooperation](#)



Forfattarar: Astrid Schnitzer-Skjønberg og Helge Espe (Norec)

Dette er ei utgåve i FNs kontor for Sør-Sør-samarbeid (UNOSSC) sin rapportserie South-South in Action. I rapporten skildrar Norec og UNOSSC korleis Norec og Norge støttar sør-sør-samarbeid, og korleis dette bidraget komplimenterer FNs eigne initiativ.

### ■ [Kva veit vi om utveksling for utvikling? / What Do We Know About Exchange for Development](#)

Forfattar: Dr Cliff Allum, Third Sector Research Centre, Department of Social Policy, University of Birmingham

Dette er ein litteraturgjennomgang av tidlegare evalueringar av Norecs utvekslingsprogram. Meir spesifikt gir rapporten ei oppsummering av kva for suksessfaktorar som er nødvendige for å bygge institusjonell kunnskap gjennom Norec-prosjekt.





## MÅLOMRÅDE 3: FORVALTNING OG ORGANISASJON

I Norec jobbar vi over heile verda. Vi forvaltar tilskot til og driv kursing av verksemdar både i Norge og i 25 land i Afrika, Asia og Latin-Amerika. Frå Førde, ein liten distriktsby nord i Vestland fylke, leverer vi tenester til både innbyggjarar i Norge og i samarbeidslanda våre. Samstundes skal vi vere ein pådrivar og aktiv bidragsytar til at Norge når klimamålet sitt i 2030.

Kva krev det av oss som verksemd? Det krev at vi har kompetente medarbeidarar, og at vi utnyttar potensialet som ligg i moderne teknologi.

### MODERNE ARBEIDSMETODAR

#### 1. Synlege og tilgjengelege digitale plattformer

I 2019 har vi fått på plass nye nettsider. Nettsidene er utforma etter prinsippa om universell utforming. I tillegg har den langt meir informasjon om kva både Norec og tilskotsmottakarane våre jobbar med. Arbeidet med finjustering av nettsidene held fram i 2020.

#### 1. Bete integrasjon mellom sakshandsamingssystem (Dynamics - 360)

I 2019 har det blitt gjort enkle endringar i brukargrensesnittet, forbetring av brukarstøtte og behovskartlegging. I 2020 skal brukargrensesnittet designast på nytt. Utviklar vil gi eit prisanslag basert på ei skisse utarbeida av Norec. Vidare skal integrasjonsmoglegheitene med arkiveringsprogrammet P360 og Power BI utgreiast. Desse tiltaka vil gjere Norec i stand til å relansere eit meir brukarvenleg Dynamics.

### EIN ATTRAKTIV ARBEIDSPASS OG EIT GODT ARBEIDSMILJØ

#### 1. Gode søkartal

Så langt har Norec hatt gode søkartal på jobbar utlyst med arbeidsstad Førde. Det skal vi framleis ha. I 2019 deltok vi på Framtidsfylket sine karrieremesser for karriere i Sogn og Fjordane. I 2020 skal vi halde fram med det, men også vere tilstades på relevante karrieremesser for studentar ved store institusjonar i Bergen og Oslo. Vi skal også sørge for å vere på alle relevante digitale portalar.

#### 2. Sikre lokalt avtrykk ved å delta på Framtidsfylkets traineeordningar

I 2019/2020 har vi hatt to traineear tilsett gjennom Framtidsfylkets traineeordning. Det har vore eit veldig positivt bidrag til arbeidet vårt. Vi ønsker å halde fram med det.

#### 3. Utvikle organisasjonen for å sikre god oppfølging av dei tilsette og utvikling av fagfelta

I 2019 starta seksjonsleiarane med ei kartlegging i seksjonane sine på kva dei ulike ønsker fagleg påfyll på. I 2020 er det satt av fleire bolkar med kompetanseheving innan ulike tema.

#### 4. Bygge eit godt og inkluderande arbeidsmiljø

Majoriteten av dei tilsette i Norec er tilflyttarar til Førde, og det har difor vore viktig å jobbe aktivt med arbeidsmiljøet.





# 4 STYRING OG KONTROLL I VERKSEMMA

Driftsåret 2019 har i stor grad handla om konsolidering av flyttinga av Norec til Førde, og å bygge opp organisasjonen. I Verksemdsplanen for 2019 vart følgande overordna mål meldt inn til Utanriksdepartementet:

1. Norec har styrka samarbeid med aktørar på Vestlandet
2. Norec har styrka arbeidet i Norges partnerland og i Norge
3. Læring og engasjement blant partnarar og deltakarar har økt
4. Definere potensialet for Norec som kompetansesenter for utvekslingsverksemd
5. Kunnskap er tilbakeført til eige samfunn
6. Effektiv og god forvaltning

Norec har, saman med Statsbygg, gjennomført ein prosess for å komme i permanente lokalar i Førde. 14 interessantar vart vurdert og fire kandidatar fekk invitasjon til å levere tilbod. Etter forhandlingar og Statsbygg si anbefaling, valde Norec å inngå kontrakt med Hjemelandsgården/Fjellvegen 9 i desember 2019. Innflytting vert i februar 2021.

1. tertial 2019 var siste fase for kompetanseoverføring ved hjelp av pendlarar frå Oslo. Dei siste pendlaravtalane vart avslutta i juni. Organisasjonen har i 2019 blitt styrka med åtte nyrekrutteringar, samt to trainear gjennom fellessatsinga Framtidsfylket i Sogn og Fjordane.

Som følgje av strategiprosessen og for å styrke resultat- og personaloppfølginga i dei to avdelingane, vart det våren 2019 vedteke ny organisasjonsmodell for Norec. Denne innebar oppretting av fire nye seksjonar, tre i programavdelinga og ein i stabsavdelinga. Dei fire seksjonsleiarane vart tilsett i løpet av sommaren og var på plass i oktober.

Norec har i 2019 jobba målretta med å auke produksjonen etter to år med flyttefokus. Avdelingane har halde fokus på effektivitet, systematikk, kvalitet og aukiing av kompetanse i ein ny organisasjon. Kompetanseoverføringa frå eksisterande organisasjon i Oslo til ny organisasjon i Førde har vore kritisk med tanke på dei gode resultatane som er nådd i 2019.

## Tryggleik og beredskap

Det har ikkje vore nokon alvorlige avvik i Norec innan tryggleik og beredskap i 2019. Det vert framleis jobba med Seksjon for forebyggjende sikkerhet i UD med mål om å få eit tettare tryggleikssamarbeid på innkjøp, retningslinjer og rutinar.

For deltakarar og partnarkontaktar i Norec sine samarbeidsprosjekt har det, som tidligare, vore gitt ei innføring i kriseberedskap og -planlegging på førebuingkursane.

## Internkontroll

Norec har gjennom god rekruttering og godt planlagt overlapp i stillingar, sikra god økonomistyring, effektiv internkontroll og kvalitetssikring gjennom flyttinga og i 2019. Norec vil i 2020 fortsette arbeidet med å forbetre risikostyringa i organisasjonen ved revisjon av prosedyrar og policyar, og ny gjennomgang av eigen internkontroll.

## TABELL 6 SJUKEFRÅVÆR

SJUKEFRÅVÆR	2017	2018	2019
Eigen- og legemeldt fråvær i %	7,78 %	3,63 %	4,07 %



# 5 VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Vi er i 2020 og Norecs første år i ny strategi mot 2022. Dette er første del av vegen fram til 2030 då verdas berekraftsmål skal gjerast opp.

Det er ti år til 2030 og vi må skru opp tempoet. Norec har eit særskilt medansvar for mål nr 17 som handlar om samarbeid for berekraftsmåla. Dette målet fokuserer på at ulike verksemdar som jobbar kvar for seg skal kunne jobbe saman. På den måten vil samarbeid og partnerskap skape endå betre resultat enn dei ville gjort kvar for seg.

Målet for Norec er å auke talet på deltakarar frå 615 i 2019 til 750 i 2022.

Ser vi fram mot 2030 kan vi sjå ulike utfordringar for å nå mål 17 frå Norecs perspektiv :

- Kunnskapsoverføring. Norec skal kontinuerleg legge til rette for at verksemdar som utvekslar medarbeidarar vert endå betre til å ta til seg den kunnskapen deltakarane gir undervegs, og den dei gir når dei kjem attende frå utlandet. Ein open og nysgjerrig arbeidsgivar som ser vinninga i nye perspektiv blir ein føresetnad.
- Utveksling. Sjølv om vi ser gode resultat av utveksling av personell som metode, er det ikkje alle arbeidsgivarar som trur dei har ressursar til å sende ut ein medarbeidar, sjølv om dei får ein i retur. Framhevinga av langtidsvinninga framfor dagens fokus på umiddelbar gevinst, er ei utfordring Norec må ta.
- Unge menneske. 2019 har satt eit heilt nytt lys på ungdom si deltaking i globale spørsmål. Vi snakkar her om klimakampen. Perspektivet til ungdom får taletid, og dei vil heldigvis få endå meir gehør og større innverknad på politikktutforming for framtida. Dette må Norec ta med i samtale med verksemdar som ønskjer utveksling, slik at fokuset i endå større grad vert rekruttering av unge deltakarar.

Så kan det hende at unge engasjerer seg på ein annan måte enn før. Det kan vere at færre vil fly, og det berører Norecs metode med utveksling av deltakarar. Vi må tenke nytt om korleis internasjonalt samarbeid for å nå berekraftsmåla kan bli gjennomført, dersom direkte utveksling og reiser blir mindre etterspurt og difor redusert.





# 6 ÅRSREKNESKAP

## Føremål

Norec er eit statleg forvaltingsorgan underlagt Utanriksdepartementet. Norec skal ut frå eigen instruks medverke til å gjennomføre det overordna målet for Norge sitt samarbeid med utviklingsland.

## Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt etter fastsettingar om økonomistyring i staten, tilhøyrande rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement.

Årsrekneskapen gir eit dekkande bilete av verksemda sine disponible tildelingar og rekneskapsførte utgifter, inntekter, fordringar og gjeld.

Norec fører og rapporterer verksemdsrekneskapen ut frå kontantprinsippet, slik det kjem fram av prinsippnoten til årsrekneskapen.

Årsrekneskapen skal gje eit korrekt uttrykk for ressursbruken dette året.

## Vurderingar av vesentlege tilhøve ved årsrekneskapen

I 2019 har Norec hatt eit samla budsjett på 198 298 000 kroner. Dette er fordelt på 56 298 000 kroner i driftsmidlar og 142 000 000 kroner i tilskotsmidlar.

Rekneskapen for 2019 viser ein driftsrekneskap i balanse, og eit mindre underforbruk på utvekslingsordningar.

## Revisjonsordning

Rekneskapen til Norec vert revidert av Riksrevisjonen som stadfestar årsrekneskapen. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d. men det er forventa at revisjonsmeldinga vil vere klar i løpet av 2. kvartal 2020.

## Prinsippnote Årsrekneskap

Årsrekneskapen for Norec er utarbeidd etter statens retningslinjer for økonomistyring. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 4.3.1, nærare bestemt i

Finansdepartementets rundskriv R-115.

Verksemda vert omfatta av nettoføringsordninga for budsjettering og rekneskapsføring av meirverdiavgift, i statsforvaltinga gjeldande frå 2015.

Oppstilling av løyvingsrapportering og artskontorrapportering tek utgangspunkt i fråsegnene punkt 3.4.2 - dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen.

## Rekneskapen følger kalenderår

- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp tilrettelagt for nettføringsordninga for meirverdiavgift i kap. 0144.01.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstilling av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i fråsegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal respondere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» skal vere lik i dei to oppstillingane.

Norec er knytt til statens konsernkontoordning i Norges Bank etter krav i fråsegnene pkt 3.8.1. Som brutto-budsjettert verksemd vert ikkje likvidar tilført gjennom året, men har ein trekkrett på eigen konsernkonto. Ved slutten av året vert saldoen på den einskilde oppgjerskonto nullstilt.

## Løyvingsrapportering

Løyvingsrapportering viser rekneskapstal som Norec har rapportert til statsrekneskapen. Det vert stilt opp etter dei kapittel og postar i løyvingsrekneskapen som Norec har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle egedelar og forpliktingar Norec står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev, og overført frå i fjor, for kvar kombinasjon av kapittel og post.

## Artsrapportering

Oppstillinga av artskonto-rapportering er ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedeler og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal som Norec har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Norec har ein trekkrett på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og vert difor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Førde, 1. mars 2020



Jan Olav Baarøy  
Direktør



# 228

PARTNARAR

SIVILT SAMFUNN .....75 %  
 OFFENTLEG SEKTOR .....14 %  
 PRIVAT SEKTOR .....11 %

## FORBRUK OG UTGIFTER

### TILSKOT

Forundersøking .....1.9  
 Samarbeidsavtaler nord/sør ....73.7  
 Samarbeidsavtaler sør/sør.....46.6  
 Kurs for deltakere  
 og partnere.....12.8

TOTAL **135.0**

## TILSKOT FORDELT PÅ OMRÅDE

MUL-LAND.....49,46 %  
 PARTNARLAND I NORSK UTVIKLINGSPOLITIKK.....44,42 %  
 AFRIKA SØR FOR SAHARA.....67,01 %

# 615

DELTAKARAR

♀ 65%  
 ♂ 35%

### DRIFTSUTGIFTER

Løn og sosiale kostnader .....37.3  
 Reisekostnader .....3.5  
 Andre utgifter .....14.4


TOTAL **55.2**

Alle tal i millionar NOK

# 24

LAND

## DELTAKARAR 2019





## Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2019

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2019	Merutgift (-) og mindregift	
0144	Driftsutgifter	01			0	55 240 391	-55 240 391	
0144	Tilskudd	70			0	135 021 565	-135 021 565	
1633	Nettoordning for mva i staten	01			0	2 232 403		
<i>Sum utgiftsført</i>							192 494 360	
Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samlet tildeling*	Regnskap 2019	Merinntekt og mindreinntekt(-)	
5309	Ymse inntekter	29			0	1 808 159		
5700	Arbeidsgiveravgift - inntekt	72			0	4 533 067		
<i>Sum inntektsført</i>							6 341 226	
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>							<b>186 153 134</b>	
<b>Kapitalkontoer</b>								
60092101	Norges Bank KK /innbetalinger					5 150 632		
60092102	Norges Bank KK/utbetalinger					-192 334 560		
701111	Endring i mellomværende med statskassen					1 030 795		
<i>Sum rapportert</i>							0	
<b>Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)</b>								
701111	Mellomværende med statskassen				<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2018</b>	<b>Endring</b>	
					-1 727 495	-2 758 290	1 030 795	

\* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter (gjelder både for utgiftskapitler og inntektskapitler). Se note B *Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år* for nærmere forklaring.

## Oppdatert rapporteringspakke per 31.12.2019 for bruttobudsjetterte virksomheter som fører regnskapet etter kontantprinsippet

Datoen i rapporteringspakken er oppdatert til 31.12.2019. Denne rapporteringspakken er tilpasset bruttobudsjetterte virksomheter som fører regnskapet etter kontantprinsippet.

### Endringer i rapporteringspakke per 31.12.2019

#### Oppstilling av bevilgningsrapportering

Det er lagt til henvisning til fotnoten også på samlet tildeling på inntektskapitler og det er i fotnoten presisert at samlet tildeling ikke skal reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter både for utgiftskapitler og inntektskapitler.

#### Note B til bevilgningsrapporteringen

Noten er oppdatert med en tabell for opplysninger om avgitte belastningsfullmakter på inntektskapitler. Denne tabellen skal kun fylles ut og presenteres av virksomheter som har avgitt belastningsfullmakter på inntektskapitler.

Omtalen av forklaring til bruk av budsjettfullmakter skal også omhandle belastningsfullmakter på inntektskapitler (både avgitte og mottatte belastningsfullmakter).

#### Artskontorapportering - Oversikt over mellomværende med statskassen

- Kasse er endret til kontanter.

- "og andre trekk" er lagt til på slutten av Skyldig skattetrekk.

Tilsvarende er gjort i note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

#### Note 2 Utbetalinger til lønn

Det er presisert at det er antall utførte årsverk som skal presenteres i noten for utbetalinger til lønn.

#### Note 3 Andre driftsutgifter

For 2019 er det satt inn to nye notelinjer: kjøp av konsulent tjenester og kjøp av andre fremmede tjenester med bakgrunn i endring i standard kontoplan. Skillet mellom konsulent tjenester og andre fremmede tjenester eksisterte ikke i 2018. I sammenlikningstallene for 2018 kan kjøp av fremmede tjenester presenteres samlet på notelinjen kjøp av fremmede tjenester.

#### Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

Notelinjen for beredskapsanskaffelser er fjernet.



**Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslings samarbeid**

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
144 70		142 000 000	142 000 000
144 01	2 849 000	53 449 000	56 298 000

Mal for bevilgningsrapportering og artskontorrapportering med noter

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(-)	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Ondisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
1xxx01/4xxx01	Driftsutgifter	1 057 609		1 057 609				1 057 609	[5% av årets tildeling i note A]	1 057 609
xxxx21	"kan nyttes under post 01"			0				0	[5% av årets tildeling i note A]	
xxxx21	"kan nyttes under post 01"			0				0	[5% av årets tildeling i note A]	
xxxx45	"kan overføres"			0				0	[Sum årets og forårets tildeling]	
xxxx45	"kan overføres"			0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	0		
xxxx70	"overføresbevilgning"			0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	0		
xxxx75	"overføresbevilgning"			0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	0		
*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.										

Opplysninger om avgitte belastningsfullmakter på inntektskapitler\*

Kapittel og post	Merinntekt og mindreinntekt (-) iht. avgitte belastningsfullmakter (+)	Merinntekt og mindreinntekt (-) etter avgitte belastningsfullmakter
3xxxx		0
xxxxxx		0
xxxxxx		0

\* Denne delen skal kun fylles ut og presenteres av virksomheter som har avgitt belastningsfullmakter på inntektskapitler.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottatte belastningsfullmakter (gjelder for både utgiftskapitler og inntektskapitler)

Stikkordet «kan overføres»

Stikkordet «kan benyttes under»

Stikkordet «overlagsbevilgning»

Avgitte belastningsfullmakter (utgiftsført av andre på utgiftskapitler og inntektsført av andre på inntektskapitler)

Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter

Fullmakt til å overskride investeringsbevilgninger mot tilsvarende innsparing under driftsbevilgninger under samme budsjettkapittel

Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i de tre følgende budsjettår

Innsparing i regnskapsåret som følge av bruk av fullmakt til å overskride driftsbevilgninger til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i de tre følgende budsjettår

Romertallsvedtak



Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2019

	Note	2019	2018
<b>Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	1 807 909	0
Andre inntekter	1	0	0
<i>Sum inntekter fra drift</i>		1 807 909	0
<b>Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetalinger til lønn	2	37 288 070	36 131 129
Andre utbetalinger til drift	3	30 399 012	27 376 241
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		67 687 082	63 507 371
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>65 879 174</b>	<b>63 507 371</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetaling av finansinntekter	4	1 355	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		1 355	0
<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetaling til investeringer	5	355 024	873 200
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	4 916	1 541
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		359 940	874 741
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>358 585</b>	<b>874 741</b>
<b>Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	250	0
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		250	0
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	122 216 289	92 377 525
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		122 216 289	92 377 525
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		0	0
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		4 533 067	4 431 806
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		2 232 403	2 533 184
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		-2 300 664	-1 898 621
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>		<b>186 153 134</b>	<b>154 861 015</b>

Oversikt over mellomværende med statskassen \*\*

	2019	2018
<b>Eiendeler og gjeld</b>		
Fordringer	85 947	29 400
Kontanter	0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank	0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-1 224 116	-2 303 498
Skyldige offentlige avgifter	0	0
Annen gjeld	-589 326	-484 192
<b>Sum mellomværende med statskassen</b>	<b>8</b>	<b>-1 727 495</b>

\* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

\*\* Spesifiser og legg til linjer ved behov.

Kontrollsum:

186 153 134  
186 153 134  
0

Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
<b>Sum innbetalinger fra gebyrer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
<b>Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Salgs- og leieinntekter</i>		
Leieinntekt, avgiftspliktig	1 807 909	0
<b>Sum salgs- og leieinntekter</b>	<b>1 807 909</b>	<b>0</b>
<i>Andre inntekter</i>		
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum innbetalinger fra drift</b>	<b>1 807 909</b>	<b>0</b>

Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2019	31.12.2018
Lønn	29 453 296	29 478 807
Arbeidsgiveravgift	4 533 067	4 431 806
Pensjonsutgifter*	2 865 344	2 690 447
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-666 868	-1 399 259
Andre ytelser	1 103 232	929 328
<b>Sum utbetalinger til lønn</b>	<b>37 288 070</b>	<b>36 131 129</b>
<b>Antall utførte årsverk:</b>	<b>x</b>	<b>x</b>



Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2019	31.12.2018
Husleie	4 510 394	3 667 129
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	-16 094	715 070
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	497 742	692 270
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	0	4 285
Mindre utstysanskaffelser	471 153	776 562
Leie av maskiner, inventar og lignende	1 147 311	1 131 557
Kjøp av konsulent tjenester	2 424 735	1 935 777
Kjøp av fremmede tjenester	2 342 697	4 151 112
Reiser og diett	3 563 293	3 560 902
Øvrige driftsutgifter	15 457 783	10 741 579
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>30 399 012</b>	<b>27 376 241</b>

\*Fra og med 2019 presenteres konsulent tjenester og andre fremmede tjenester separat. I sammenligningstallene for 2018 er kjøp av fremmede tjenester presentert samlet på notelinjen kjøp av fremmede tjenester.

Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	1 355	0
Annen finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>1 355</b>	<b>0</b>

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	4 916	1 541
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>4 916</b>	<b>1 541</b>

Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	129 517	237 230
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	225 508	635 969
<b>Sum utbetaling til investeringer</b>	<b>355 024</b>	<b>873 200</b>

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
<b>Sum utbetaling til kjøp av aksjer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

	31.12.2019	31.12.2018
Tilskudd til kommuner, Forundersøkelser	2 882 105	3 445 230
Tilskudd til fylkeskommuner, Forundersøkelser	6 546 748	300 000
Tilskudd til ikke-finansielle foretak, Forundersøkelser	17 442 748	2 464 999
Tilskudd til ideelle organisasjoner, Forundersøkelser	40 446 571	36 736 130
Tilskudd til statsforvaltningen, Forundersøkelser	7 118 900	10 897 554
Tilskudd FU Sør/Sør	47 779 218	38 533 612
<b>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>	<b>122 216 289</b>	<b>92 377 525</b>

<sup>1</sup> I tildelingsbrevet for 2019 fikk vi ny post for Utvekslingsordninger; post 70. Frem til april 2019 ble post 77 brukt. Ved opprettelse av ny post i agresso har konto 6885 blitt styrt til feil post. Dette innebærer at kr 873 973,96 skulle vært ført på post 01 Driftsutgifter og ikke post 70 Utvekslingsordninger. Klassifiseringsfeilen ble oppdaget for sent til at den kunne rettes i årsregnskapet for 2019.



## Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

## Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2019	31.12.2019	Forskjell
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	0	0	0
Andre fordringer	85 947	85 947	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
Sum	85 947	85 947	0
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-1 824 344	0	-1 824 344
Skyldig skattetrekk	-1 132 059	-1 224 116	92 057
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-23 626	-589 326	565 700
Sum	-2 980 029	-1 813 442	-1 166 587
<b>Sum</b>	<b>-2 894 083</b>	<b>-1 727 495</b>	<b>-1 166 587</b>

\* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 8 B

## Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

	Ervervsdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balanseført egenkapital i selskapet	Balanseført verdi i regnskap*
Aksjer							
Selskap 1							
Selskap 2							
Selskap 3							
<b>Balanseført verdi 31.12.2019</b>							<b>0</b>

\* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balanseført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.

Ved utfylling av note 8, del B skal tall fra selskapets siste avlagte årsregnskap benyttes. Det vil forekomme at selskap som virksomheten har eierandeler i ikke har offentliggjort sitt årsresultat før virksomhetens frist for oversendelse av årsrapport med tilhørende årsregnskap (så snart det foreligger og innen 15. mars). Ved utfylling av noten kan dere benytte tall fra selskapets årsregnskap for året før. Om det ikke benyttes regnskapstall fra siste år bør dette opplyses om i noten.





NOREC NORSK SENTER FOR  
UTVEKSLINGSSAMARBEID  
Org. nr.: 981965132

## Riksrevisjonens beretning

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Norecs årsregnskap for 2019. Årsregnskapet består av ledelseskommentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2019.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 186 153 134 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Norecs årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2019 og kapitalposter pr 31. desember 2019, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI 2000–2899). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 130 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAI's etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

#### Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så måte.



## Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ledelsen og det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

### Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten

Vi kommuniserer med ledelsen, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen, og informerer det overordnede departementet om dette.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.



## Uttalelse om øvrige forhold

### Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelserevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo; 20.04.2020

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén  
ekspedisjonssjef

Harald Haugen  
avdelingsdirektør

*Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur*